Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44. Veving — Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Erfjord.

Emne: — Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Fårvik — Gard: Hamra.

(adresse): Vik i Erfjord — G.nr. 56 — Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Til mannsklær brukte dei vendavedmål. Når ein vevar det brukar ein 4 skaft og 4 tröer. Ein tar 4 trådar som fylst i renningin. desse trådane kallar ein fisto. Ein tar ein trå og trer i det bakre skaft og neste trå i neste skaft og so vidare etter kvarandre. Ein trå i kvar tind i vevskia. Tröene vert oppknytte i forhold til treinga.

Etter fyrste innslag trör ein på dei to tröene til høgre. neste innslag trör ein på dei to tröene til venstre. Tridje innslag trör ein på dei 2 ytre tröene. Og so oppatt i same rekkjefylgje som fyrste gong.

Vendavedmålet brukte dei til mannfolkklær. Det var til överklær dei brukte det. Det var bukse, tröja og vess.

2. Kvinneklær. Til kvinneklær brukte dei toskaft. dette vadmålet

10557

kalla ein her for tvisjeft.
Det var stakkar og kjolar dei
brukte tvisjeft vedmålet til.
Og so brukte dei eit plagg
som dei kalla for liv.
Då dei vov tvisjeft trødde
dei på ei trøa om gongen.
Dersom veven var oppsett
med 4 skaft, håveleskaft sa dei her,
trødde dei på to trøer om gongen.
Fyrst trødde dei på dei to
trøene til høgre og so dei to
trøene til venstre.
3. Det var tvisjeft dei brukte
til onnekler til mannfolk.
Onnekledne til mannfolk var
onnebrokssa og sjurta, veddmåls-
sjurta sa dei. Dei vov vedmålet
til sjurtetyet rutete.
Dei renndle med svart og kvitt
og so farga dei det raudt.
Tyet vart då raudt og svart-
rutete. Raudfargen beit på dei
kvite rutene, men ikkje på dei
svarte. Og so var det og
vanligt å veva vedmålet kvitt
og så farga det raudt når dei
sku ha det til sjurtety.
Dei hadde og mykje grått
veddmål til onneklær.
Onnebroksene var grå eller
kvite. Anna Hamra fortel at
dei sende tyet til Sand til
fargar det, og fekk det farga
Onnekledne kunde og vera blå.

10557

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. Sengeomheng vov dei av bomull.
5. Laken vov dei av lin.
7 Putevar og dynetrekk bruka dei bomullstrenning og ull til innslag. Dette tøyet var helst ruta og hadde ymse fargar. Ein kan enno sjå att slike heimevovne putevar og dynetrekk.
16 Dukar vov dei av lin.
8. Åkle vov dei mykje før.
Her var nokre åkler som dei kalla for brudeåkler.
Musabrautbårder kalla dei desse bårdene. Det såg ut som musebrautir
Og so var her nokre andre åkle som hadde bårder som dei nemnde for stakabarder.
Desse var og vanlege. I bårdene var der stakkar i mønstret.
So var her åkle som var vevde etter rutemønster.
So vov dei mykje rugger.
I desse nytta dei hamp til renning. Til innslag nytta dei ramp. Rampe laga dei av oppskodd filla, ullfilla som dei kara saman med ull, og so spann dei det på rokkar som dei kalla for rampe-rokkar. Desse rokkane var der store sneller på, for å få mykje innpå av den tjokke tråden. Her sleng enno att

10557
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

slike rampserokkar på sume gardar. Og her er enno mange att av desse riggene. So vart dei mykje nytta til onne breidsler i sengene. Men eg kan sjølv hugsa at ein bruka dei til övebreidssla. Desse riggene var og rikete. Fargane kunde vera ymse.

10557

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING